

Pulsvarmar i nålebinding



Materialer: Mjukt bløtt ullgarn med laus tvinn er enklast, grunna speleising av garnet.

Teknikk: Gjennom 3 lykkjer vri og stikk inn i siste lykkje på tommen – Det ein nærst kan kalle nordisk "grunnteknikk".

- 1) Opplegg: a) Dame S – 30 sting, M – 33 sting, L – 36 sting.
b) Herre, S – 37 sting, M – 40 sting, L – 43 sting.
- 2) Kople saman til ring.
- 3) Sy 7/12 omgangar – eller, du lagar den i den lengda du ønskjer.

Feste trådane – eller lag ein hekla picotkant som avslutting – sjå forklaring nedanfor.

Picotkant:

Ved bruk av same tråden vidare til picotkanten:

Snu pulsvarmaren slik at innsida kjem ut, då kjem tråden greitt i rett retning for hekling.

- 1 fastmaske
- *3 luftmasker, stikk nåla gjennom 1. luftmaske, trekk tråden gjennom – det er nå 2 m på nåla, hekel dei to m saman til 1, hopp over 2 sting/lykkjer og hekle 1 fastmaske i tredje.*
- Gjenta frå * - * omgangen rundt.

Må du skøyte garnet – gjer det på nålebindingsvis ved "spleising". I nålbinding er det ikkje brukeleg å knyte garnet. Det er heller ikkje så greit å feste tråder i etterkant. Ein må bruke ein samanhengande trå, for at det skal bli eit best mogleg resultat. Difor må tråden spleisast. Litt fukt på tråden i skøyten, og så rulle den i handa brukar vere eit godt knep.

Picotkanten ut mot handa.